



Arne K. Rød eig det gule naustet i ei høgd i dag. Nabonausta er bygt etter eigen reguleringsplan med egne føresegner. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rådmannen innstiller på at forvaltningskomiteen onsdag skal avslå ein søknad om bygging av naust for Arne K. Rød på Korsnes. Grunngevinga er at naustet ikkje er i tråd med reguleringsføresegnene til reguleringsplanen i området. Føresegnene seier at nausta kan oppførast i ei høgd over terreng og det kan rådmannen tilrå..

Naustet til Rød vil ha ei grunnflate på 54 kvadratmeter og vera oppført i to plan slik at bruksarealet blir 94 kvadratmeter. Naustet vil ha ei mønehøgde på 6,65 meter målt frå ferdig golv og gesimshøgda er målt til 4,4 meter.

Rød viser til at dei har ei stor seilskøyte der det er mykje seil og tauverk som må vedlikehaldast og lagrast. Difor treng dei eit funksjonelt loft. Han syner til fire liknande naust som er under oppføring på naboeigedomar i vest. Men rådmannen viser til at nabo-området i vest har utarbeidd eigen reguleringsplan med egne føresegner og naust for Rød var ikkje med i denne planen.

Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre nabomerknader eller protestar,

Rådmannen kan ikkje tilrå søknaden då dette kan skape presedens.

Av Ola Matti Mathisen